

TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF

FOR MAI 2021 – DATO 10.06.2021

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSR APPOR	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	FSS	Inneklima	30.01.2019	Eitt avvik	31.12.2021	<p>Før jul 2018 stengte verneombodet fleire kontorlokaler i kjellaren ved Førde sentralsjukehus med omsyn til det fysiske arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet sin konklusjon var at det ikkje var umiddelbar fare for arbeidstakarane si liv og helse, og at det ikkje var grunnlag for å halde kontorlokala stengt, jf. arbeidsmiljøloven § 6-3 (1).</p> <p>I brev datert 13.11.2019 sa Arbeidstilsynet seg nøgd med opplysningane dei hadde mottatte knytt til dei tre avvika dei hadde peika på. Pålegga var oppfylt. I same brev varsla likevel Arbeidstilsynet om eit nytt pålegg. For å lukke avviket må Helse Førde sende inn</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Dokumentasjon på gjennomførte tiltak som reduserer risikoen og konsekvensane for helsebelastning i 0. etasje i sentralblokk ved Førde sentralsjukehus</i> - <i>Beskrivelse av korleis verneombod / tilsette og bedriftshelsetenesta har medverka</i> <p>Helse Førde har sendt ønsket dokumentasjon og fekk tilbakemelding frå Arbeidstilsynet 03.07.2020. Arbeidstilsynet opprettheld pålegget, men med ny frist slik at Helse Førde kan dokumentere at fukt i veggjar og golv ikkje</p>	

						<p>kan påverke innklimaet. Etter vidare dialog har Arbeidstilsynet i brev datert 27.10.2020 gjeve utsett frist på det siste pålegget til 31.12.2021, men med ei oppmoding om å saman med verneteneste vurdere ferdiggjering tidlegare.</p> <p>Sak i Elements: 2020/1406</p>
Fylkesmannen i Vestland	FSS	Tilsyn med utlokaliserte pasientar	12.09.2019	Eitt avvik	15.12.2020	<p>Fylkesmannen i Vestland gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus i perioden 17. – 20. juni 2019. Dei undersøkte om føretaket sørgjer for at helsehjelp til pasientar som blir utlokaliserte frå medisinsk avdeling blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at dei får trygge og gode tenester.</p> <p>Tilsynet blei gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.</p> <p>Fylkesmannen sin konklusjon: Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt.</p> <p>Helse Førde har sendt tilbakemelding med oversikt over tiltak som er sett i verk, eller skal setjast i verk.</p> <p>Fylkesmannen i Vestland ønskjer å få tilsendt resultat frå eigenevaluering føretaket gjer etter ein og tre månadar. Dei vil og følgje arbeidet som blir gjort i etterkant av tilsynet inntil det er dokumentert at praksis er endra slik at informasjonsflyt i samband med utlokalisering og oppfølging av utlokaliserte pasientar fungerer</p>

som føreset.

Helse Førde gjennomførte siste evaluering 25. november, og sendte over den til Fylkesmannen 30. november.

Fylkesmannen ber om ein ny rapport per 10. mai 2021 om korleis dei planlagde og iverksette tiltaka fungerer i praksis. Dei ber også om at Helse Førde då omtalar om risiko for svikt i helsehjelpa til utlokaliserte pasientar er redusert og kva effekt tilsynet har hatt.

Helse Førde har 31. mai bede om utsett frist til 10. september.

Sak i Elements 2020/1407

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik. Helse Førde har registrert **totalt 2** tilsyn og revisjonar i perioden 01.05 – 31.05.2021. Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.